



Arkivnr: 2018/211-3
Saksbehandlar: Bjarte Molvik

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		17.04.2018
Fylkesutvalet		03.05.2018

Rehabilitering/ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren**Samandrag**

Tiltaket gjeld ei mindre ombygging ved Årstad vgs. som følgje av endra behov ved skulen frå og med hausten 2018. Samla kostnad er kalkulert til 0,45 MNOK, og det viktig å komme i gang relativt hurtig slik at tiltaket er ferdigstilt ved skulestart.

Økonomi: Tiltaket har ei samla investeringsramme på 0,45 MNOK som vert foreslått løyvd frå løyvinga for rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren, som for 2018 er på 75 MNOK.

Folkehelse: Ombygging er naudsynt for å ha tilstrekkelig kapasitet og kvalitet ved undervisningstilbodet for skuleåret 2018 - 2019.

Regional planstrategi: Ingen kjende effektar.

Forslag til innstilling

- Fylkesutvalet godkjenner mindre ombygging ved Årstad vgs. med ei kostnadsramme på 0,45 million kroner som vert løyvd frå inneverande års løyving til rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren.
- Det vert gjort følgjande endringar i budsjettet for 2018

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 639.020.00	02320	02168	Årstad vgs – ombygging	450 000	
10 777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		450 000
				450 000	450 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Jostein Fjærestad
direktør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 23.03.2018

I budsjettet for 2018 er det løyvd 75 MNOK til rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren. Av dette er 65,5 MNOK alt disponert gjennom tidelgare politiske vedtak.

Studietilbodet ved Årstad vgs. vert justert frå hausten 2018. Bakgrunnen for endringa er vedtak i skulebruksplanen og nedlegging av Laksevåg vgs.

I samband med dette er det gjennomført vurderingar knytt til arealsituasjonen og behovet for eventuell tilpassing av areala.

Det er konkludert med at ein frå hausten 2018 har behov for eit nytt klasserom knytt til KDA (Kunst, design og arkitektur) og to nye klasserom knytt til ST (studiespesialisering).

Skulen har ledige lokale som kan tilpassast til føremål, men endelig lokalisering innan skulen si bygningsmasse er ikkje avklart. Ein legg uansett til grunn at tilpassinga må være mogleg å få til innanfor ei kostnadsramme på kr 450 000,- og rår til at det vert løyvd frå inneverande års løyving til rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren.